

Fiskeridirektoratet

postmottak@fiskeridir.no



Alsaker Fjordbruk AS

5694 ONARHEIM

Telefon : 53 43 01 09

Telefax : 53 43 01 01

Dir. tlf. : 53 43 01 09

Mobil : 99 21 01 09

Org. nr. : 979 494 009

www.alsaker.no

Dykkar ref. : 17/8909

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 15.01.2020

Uttale til endring av forskrift og ny rettleiar for tilstandsanalyse av landbaserte anlegg

Me syner til høyringsfrist 02.03.2020 til dei to ovannemnde sakene, og fremjer på vegne av **Bjølve Bruk, Bolstad Bruk, Fjon Bruk, Onarheim Bruk og Salar Bruk** følgjande uttale til høyringsframlegga:

Me vil rose direktoratet for dei forenklingane og presiseringane som er og vert gjort, og vil i denne uttalen framhalde behovet for at forskrift og rettleiar tek høgde for stor variasjon i anleggsspesifikk utforming.

Særleg gjer dette seg gjeldande i rettleiaren sitt observasjonspunkt 5.2, jf side 49 om overvakings- og alarmsystem. Her får anlegg eller avdelingar utan alarmsystem tilstandsgrad 3. Me forstår punktet om alarmsystem som utleia frå akvakulturdriftsforskrifta § 21 andre ledd, men vil samstundes minne om tredje ledd der *«Alarmsystemene skal være tilpasset risikoen i det enkelte akvakulturanlegget, og slik at tiltak kan iverksettes så raskt som mulig.»*

For særsmå avdelingar, til dømes klekkebakkar og små kar med sterkt avgrensa m3 og biomasse, vil det vera vanskeleg og kostbart å installere alarmsystem på vassnivå og o2-nivå. I denne typen små avdelingar vil risiko for falsk/feil alarm verte stor, samstundes som risikoen er avgrensa og denne typen avdelingar er særsmå hyppig overvaka av personell.

Som eit konkret døme vil me syne til Fjon Bruk sitt klekkeri med 400 klekkebakkar á 0,175 m3 samt våre eldre avdelingar av med 50 og 96 kar på hhv 1,2 og 6 m3.

For denne typen mindre, eksisterande avdelingar, vil me tilrå at rettleiaren opnar opp for ei individuell tilpassing på anleggsnivå gjennom risikoanalyse med adekvate avbøtande tiltak.

Med venleg helsing

Alsaker Fjordbruk AS

Bjølve Bruk AS

Bolstad Bruk AS

Fjon Bruk AS

Onarheim Bruk AS

Salar Bruk AS

Kristian Råsberg

Samfunnskontakt

kristian.rasberg@fjordbruk.no

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjølve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Fjordbruk
Service AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS